

VEDTEKTER FOR VOSS UTFERDSLAG, 2023

Skipa 14. august 1933
Vedtekne på årsmøtet 31. januar 1934

§1

Voss Utferslag (VU) er ei sjølvstendig medlemsforeining i Den Norske Turistforening.

§2

Laget har som føremål å arbeida for eit friskt og sunt friluftsliv, særleg med å skipa til fotturar, skiturar og andre aktivitetar i Vossabygda, Vossafjella og andre stader. Vidare skal laget arbeida for å verna om naturen slik at komande generasjonar kan oppleva urørt natur.

§3

Ved å merka ruter, og ved å byggja og drifta hytter og bruer, legg ein til rette for at fleire kan delta i eit friskt og sunt friluftsliv.

§4

Laget skal gjera rutene og hyttene mest mogeleg kjende og i samarbeid med andre organisasjonar arbeida for at turistar legg vegen om Voss.

§5

Årsmøtet er laget sitt øvste organ. Årsmøtet skal haldast innan utgangen av februar, og skal kunngjerast i lokalavisa minst 3 veker før møtet. Saker til handsaming må vera styret i hende seinast 2 veker før møtet. Saksdokumenta skal vera tilgjengelege på VU sitt kontor og på heimesida.

Årsmøtet skal handsama følgjande saker: årsmelding, rekneskap, budsjett, innkomne saker, val av styreleiar, styremedlemer, valnemnd og andre tillitsvalde. Revisor skal veljast av årsmøtet og kan vera to medlemer i laget eller registrert statsautorisert revisor.

Valnemnda skal ha 3 medlemer som vert valde for 3 år. Ein av dei står på val kvart år.

Valnemnda skal koma med framlegg om tillitsvalde

Årsmøtet skal også handsama spørsmål om bygging av nye hytter, bruer og oppgraderingar som går ut over vanleg vedlikehald.

Årsmøtet skal vedta kva komitèar/undergrupper laget skal ha, og kvar av dei skal ha eit styre på minst 3 personar som vert valde for 2 år.

Kvar hytte skal ha eit hyttetilsyn som bør ha inntil 6 medlemer.

Kvar komitè/undergruppe og hyttetilsyn skal velja ein leiar. Komiteane/undergruppene og hyttetilsyna ligg under styret i laget.

§6

Styret skal ha ein styreleiar og 6 styremedlemer. Styreleiar vert vald for 1 år og styremedlemer for 2 år. 3 styremedlemer bør vera på val kvart år.

Styret kan gjera vedtak når minst 4 av medlemene er til stades på styremøtet. Ved likt stemmetal har styreleiar dobbelrøyst.

Styret fastset kontingenten.

Ein kan ha styreverv samanhengande inntil 6 år.

Styreleiar og nestleiar forpliktar laget kvar for seg med si underskrift. På signeringspliktige dokument skriv styreleiar og eitt styremedlem under i fellesskap.

§7

Alle medlemer i laget som har fylt 16 år har røysterett på årsmøtet.

§8

Ved endring av vedtektene til laget trengst det 2/3 fleirtal av dei frammøtte på årsmøtet.

§9

Om oppløysing av laget vert aktuelt, må det vedtakast på 2 årsmøte. Første gongs handsaming må skje på ordinært årsmøte, og minst 3/4 av dei avgjevne røystene må vera for oppløysing. For at vedtaket skal vera gyldig, må det handsamast for andre gong på ekstraordinært årsmøte innan ein månad. Då må også minst 3/4 av dei avgjevne røystene vera for oppløysing. Om laget vert oppløyst, skal all eiga gå vidare til fremjing av eit friskt og sunt friluftsliv i Vossabygda. Eiga etter laget skal forvaltast av styret i Den Norske Turistforening.

§7 Endra på årsmøtet 16. februar 1979

§5 Endra på årsmøtet 30. november 1983

§5 Endra på årsmøtet 13. november 1992

§7 Endra på årsmøtet 14. november 2006

Endra på årsmøtet 5. desember 2013

Endra på årsmøtet 10. desember 2020

§5 Endra på årsmøtet 27. februar 2023